

Høyringsfråsegn til Vassleidning Skorva – Engebø, reguleringsarbeid.

Fråsegna vert sendt frå følgjande organisasjonar: NJFF - Norges Jeger- og Fiskerforbund i SF, Sogn og Fjordane Turlag – SFT og Naturvernforbundet i SF i samarbeid med Forum for natur og friluftsliv.

Innleiing:

Det er positivt at det no er ein radikalt lægre trong for prosessvatn enn tidlegare estimert. Det bør vera ein premiss at dei nye tala no er rett, frå 3000 kubikkmeter pr.time til 150 kubikkmeter pr. time, og at desse ikkje endrast monaleg etter at godkjenning av planar og løyve er gitt.

Planarbeidet:

Bør søke å ta i vare omsynssoner, viktige naturverdier og område avsett til eksisterande næring og ressursar i sjø og på land.

Verknader på miljø og samfunn:


Det er registrert store verdier og aktivitet i fjordareala i planområdet. I Fylkesatlas får ein treff på følgjande emne i og nær planområdet:

- MOM C Miljøundersøkelser (WMS)
- Sjølaksefiskeplassar (WMS)
- Rekefelt - aktive redskap (WMS)
- DOK Nasjonale laksefjordar (WMS)
- DOK Låsettingsplasser (WMS)
- DOK Gyteområder (WMS)

- DOK Fiskeplasser - Passive redskap (WMS)


- DOK Hovedled og biled (WMS)
- Akvakulturanlegg - flate fra klarerte ytterpunkt (wms) (WMS)

- DOK Akvakultur lokaliteter - godkjent (WMS)



Friluftsliv:

Det er registrert fleire lokalt viktige friluftsområde i FRIDA i området, i tillegg til det statleg sikra området i aust. FRIDA er gamle registreringar frå 1980-talet og det er viktig å gjere ein oppdatering av registrert friluftsliv i området, etter metodikken til Miljødirektoratet Veileder M-98 2013 i aktuelle område. Friluftsliv på fjorden må inkludrast i dette. Raste, opphalds- og ilandstigningsplassar for ikkje motorisert ferdsel, som padling, segling og roing må inkludrast.



Kartlagde område for friluftsliv frå 1980-talet FRIDA, fylkesatlas.no

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Utvalde naturtypar, prioriterte artar og biologisk mangfald:

Det er truleg ikkje gjort tilstrekkelege registreringar av biologisk mangfald, vi støttar difor framlegget om å gjere nye undersøkingar i felt.

NML – naturmangfoldlova:

Det er positivt at det konkret vert sett at alle tiltak vurderast etter denne. Vi nemner § 1, 4 - 5, 7 – 12 og 23 – 24 som særskilt viktige.

Medverknad:

Lokale lag og organisasjonar ser positivt på å kunne bidra inn i prosessen med oppdatert, lokal informasjon.

Med venleg helsing
Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle

NJFF – Norges jeger og fiskerforbund i Sogn og Fjordane

Alf Erik Røyrvik, leiar



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar

